

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY

Drømmehagen barnehage AS

Floghaugane 61
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.

Vår ref.

2013/2661 - 18059/2013

Saksbehandlar – tlf.

Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70

Arkivkode

Dato

19.07.2013

GODKJENNING AV DRØMMEHAGEN BARNEHAGE AS ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR

Drømmehagen barnehage AS er ei privat barnehage som er bygget på Mjåtveitmarka i Meland kommune. Det er eit nybygg med 8 avdelingar for barn i aldersgruppa 1 – 5 år, og barnehagen opnar 1.8.2013.

➤ *Tilsyn*

Teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde utførte eit tilsyn ved Drømmehagen barnehage den 19.7.13, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* Styrar/dagleg leiar Torill Seliussen møtte for verksemda.

I fylgje tilsendte dokument med teikningar er fylgjande vurdert som leike- og opphaldsareal: Leike- og opphaldsareal på avdelingar, gangareal, fingarderover, fellesrom og temarom i 2. etasje, samt halvparten av kjøkken i 1. etasje.

Dette utgjer eit totalt netto leike- og opphaldsareal på 690 m².

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Barnehagen har dermed eit stort nok areal til å kunne ta i mot 172 barn over 3 år (evt. 130 barn under 3 år).

Barnehagen har som mål å ha 4 avdelingar for barn over 3 år (totalt 96 barn), og 4 avdelingar for barn under 3 år (totalt 56 barn). Med denne samansetninga av barnegrupper må barnehagen ha eit netto leike- og opphaldsarealet på 680,8 m², noko som vert tilfredsstillt.

Ei avdeling for barn over 3 år er tenkt som friluftsavdeling, og har noko mindre areal enn dei andre avdelingane.

Postadresse:
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalsto

Besøksadresse:
Nordhordlandshallen Knarvik

Telefon: 56 37 50 00
Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005
Organisasjonsnr: 935 084 733

E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Heimeside: www.lindas.kommune.no

Kartside: www.nordhordlandskart.no

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Drømmehagen barnehage AS godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m. v.

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 19.7.13.

Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med vennleg helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege
(sign.)

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

KOPI TIL: Rådmannen
Utval for levekår
Komm. avd for kultur og oppvekst/barnehagekons.
Kommuneoverlege Tord Motumyr

MILJØRETTA HELSEVERN
AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY

GODKJENNING

AV

DRØMMEHAGEN BARNEHAGE AS

Grunnlag for godkjenning: **Inspeksjon i barnehagen den 19.7.13**

Godkjenninga gjeld: **Miljøretta helsevern i barnehagar**

Godkjenning er gjeve i medhald av Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Verksemnda må til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande forskrift for miljøretta helsevern.

Knarvik, juli 2013

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege
(sign.)

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør